



Dverghamstaren Muffe til Robert Nilsen Stensletten fekk mange beundrande blikk

**Dette er ei svært spesiell dag på skulen - det er dyredag!**

**Mellom klokka 11 og 13 presenterar elevane med god assistanse av foreldra ei imponerende samling av dyr - frå småkryp til fjordingshoppe.**

**Presentasjonen av dei - i form av tekst og bilete - er også imponerende.**



Hekki og Pippi fanga stor interesse.

- Det er 3-4 år sidan vi hadde dette som tema sist på aktivitetsdagen. Det er elevane sjølv som vel tema og vi har til dømes også hatt hobby og vatnsport. Men i år var ynskjet dyredag og oppslutnaden er stor- så stor at vi måtte ha påmelding på førehand, fortel primus motor Hilde Bringedal.



Bente Halvorsen kom med fjordingshoppa Synne som er 18 år.

Ho har god assistanse av elevrådet med arrangementet.



Johannes Haugland var eigar av kalven Samson

Det er mange slags dyr i Uskedalen - det kan ein trygt slå fast etter å ha vore innom skulen på dyredagen. I fleng såg vi fjording, kalv, fiskar, hane, høne, kaninar, katter, hundar og hamsterar. Det var også ei avdeling for kosedyr.



Kvalpane Ronja og Oddvar som er 3 månader gamle blir presentert av Hermund og Saima Døssland.

Og for å knyta det heile saman og gjera det spennande vert det gjennomført ein quiz med skikkeleg premiering. Der blir elevane til dømes spurde kor mange kattar det er på dyredagen, kva barnet til kua heiter, kva to dyr Ida Marie har med seg, kven som er eigar av hesten Synne og kva farge hunden Nico har.

Dyr skapar kontakt, er ei viktig konklusjon som kan trekkjast av dyredagen. Den kan gjerne haldast kvart år.

Av Ola Matti Mathisen